



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FA-L13	20/18

Saksnr	Utval	Type	Dato
121/21	Formannskapet	PS	23.11.2021

Kunngjering av nytt forslag til reguleringsplan for Koppersevja - Fedje kommune

Vedlegg:

4633202001 PLANKART 02-11-21

4633202001 reguleringsføresegner 12-01-21 rev 10-11-21

4633202001 Planomtale Koppersevja pr 10-11-21

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Ønske om å betre tilhøva i Koppersevja har vore eit tema på Fedje i fleire tiår. I løpet av 2018 fekk ein del av grunneigarane omkring Koppersevja sett i gang ein prosess for å gjere tiltak i området. Den 31.01.2019 tok Fedje kommune, ved Teknisk sjef, initiativ til å få ein avtale om å lage ein reguleringsplan. 11 grunneigarar meldte interesse for å gjere ein innsats, nioko som var tilstrekkeleg for å gå i gang med arbeidet. Kunngjering av oppstart av regulering vart gjort 10.01.2020. 09.02.2021 vart det gjort vedtak om å legge forslag til reguleringsplan for Koppersevja ut til offentleg ettersyn(F-sak 010/21).

I høringsperioden kom det inn ti merknader og ei motsegn(Statsforvaltaren i Vestland). Når statsforvaltaren stiller motsegn kan det ikkje gjerast vedtak om om å godkjenne planen før det er gjort endringar, og statsforvaltaren trekkjer motsegna. No er det gjort eit arbeid for å imøtekomme statsforvalataren si motsegn, og flest mogeleg av merknadane. Ein reguleringsplan vert alltid eit kompromiss, og alle har ikkje fått medhald for sitt syn. Likevel er endringane så store at planforslaget må ut til ny høyring.

Vurdering

Primærformålet med planarbeidet er å få større djupne og djupare innsegling til Koppersevja. Planen skal gjera det mogeleg å utdjupa innløpet og mudre sjølve evja. Andre aktuelle moment til planen: fortau langs sjukeheimen på vestsida av fylkesvegen samt veg og fortau i området ved bedehuset, areal for kloakkpumpestasjon, parkering, friområde, naust, hyttenaust, turstier langs strandlinja, gangveg opp til bedehuset med vidare. Ønskje frå dei enkelte initiativtakarane er inarbeidd i planforlsaget.



Fedje kommune

Endringar i nytt forslag

Motsegna frå Statsforvaltaren i Vestland er omfangsrik, men kan samlast i tre moment: strandsoneverdiar, barn og unge(medverknad) og ROS.

For å byrje med det siste. Det førre planutkastet mangla ei ROS-analyse. Det er no ordna og ligg føre.

Vidare meiner statsforvaltaren denne type detaljplan må stille strengare krav i strandsona for at den ikkje skal «byggast ned og verte privatisert». Dette er teke omsyn til i det nye planforslaget. No er byggeområda i strandsona(oransje felt på kartet) blitt definert som «kombinerte formål», og er avgrensa til å gjelde «uthus, naust og badehus». Talet på mogelege bygg er og teikna inn i kartet. Statsforvaltaren foreslår og ei justering av føresegnene, slik at Fedje kommune i kvar sak må godkjenne særskild detaljplan for tiltak som medfører utfylling i strandsona. Dette er teke omsyn til(sjå utkast til reguleringsføresegner punkt «Byggegrenser mot vegar og mot sjø(§12-7 nr.2) går fram av plankartet).

I tillegg stiller statsforvaltaren krav til høgare grad av medverkand frå born og unge, jamfør rundskriv T-2/08 og H-2302. Dette ønskjer rådmannen å imøtekoma i denne høyringa ved mellom anna å involvere ungdomsrådet i høveleg grad.

Andre merknader er vurdert, men ikkje alle ønskje er imøtekomne. Det er har vore naudsynt å inngå kompromiss utan at det går utover primærformålet med planen. To merknader vedkomande fylkesveg 5510 mellom planområdet og kyrkja, har ført til at plangrensa har blitt flytta til «kyrkjesida» av fylkesvegen(sjå plankart). Her er det teikna inn eit forslag avkjøyrslø frå fylkesvegen og inn på gnr. 168 bnr. 15. Vestlandet fylkeskommune er bekymra for trafikktryggleiken på dette strekket, og me har mellom anna fått lagt inn tilstrekkeleg felt til fortau.

Folkehelse – Om planen vert realisert kan den verke positivt for folkehelsa av fleire grunnar, mellom anna betre luftkvalitet i området, gode turmogelegheiter og større trafikktryggleik på veggen ved kyrkja.

Miljø – Mudderet i Koppersevja er i seg sjølv ein miljørisiko, mykje grunna tidlegare kloakkutslepp. Å få dette bort vil gjere miljøet betre på Fedje.

Økonomi – Ralisering av planen vil medføre utgifter for Fedje kommune. Grunnereverv til friområde, område til veg og gangvegar vil medføre kostnader. Vegløyising(avkjøyrslø frå fylkesveg på baksida av bedehuset) vil krevje investering. Ny kommunal veg må kostnadsmesig inngå i eit samspel mellom Fedje kommune og utbyggar, for så i neste omgang å bli eit offentleg ansvar. Kostnadane ved



Fedje kommune

utdjuving av innseglinga, og fjerning av mudderet, vert eit privat ansvar.

Konklusjon

Etter §12-10 i plan- og bygningslova skal nytt forslag til reguleringsplan «legges ut til offentlig ettersyn». Planen vert lagt ut i ein digital versjon på www.fedje.kommune.no. Ein komplett papirversjon vert lagt ut på Fedje bibliotek. Alle berørte grunneigarar og institusjonar vil få tilsendt plandokument og vedtak. Frist for å levere merknad vert seks veker etter dato for utlegging.

Forslag til vedtak:

Justert forslag til reguleringsplan for Koppersevja vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet - 121/21

F - behandling:

F - vedtak:

Justert forslag til reguleringsplan for Koppersevja vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Samrøystes vedteke.